

Årsmelding 2018

Vennelaget Jan-Magnus Bruheim

Vennelaget

«Vennelaget Jan-Magnus Bruheim» vart stifta i forkant av jubileumsåret i 2014. Laget skal vera med å halde oppe interessa for diktinga og skapa kontakt med andre venner av forfattaren. Vennelaget er organisert gjennom heimesida: janmagnusbruheim.no. Det er 253 personar som er registrert på denne lista. Vennelagspengane har m.a. vore med og støtta arrangement i jubileumsåret. Når du først er medlem, gjeld det for alle år framover, det er ikkje snakk om årlege medlemspengar. Folk har betalt inn alt frå 100 til 1000 kroner, eller kva dei måtte ønske. Dette har vore ein god finansieringskjelde, vi set stor pris på kvar og ein.

§ 2. Føremål

Føremålet til foreininga er å vidareføre det arbeidet som vart sett i gang under jubileumsåret i 2014 og å gjere livet, diktinga og heimbygda til Jan-Magnus Bruheim betre kjend og tilgjengeleg. Det økonomiske overskotet frå jubileumsåret 2014 er øyremerka utgjevinga av ei barnebok med dikt av Jan-Magnus Bruheim. Foreininga skal også skape interesse for og spreie informasjon og kunnskap om litteratur og forteljarkunst generelt, og nynorsk litteratur og diktarane i regionen spesielt. Dette vil vi oppnå gjennom å samarbeide med Diktardagar i Ottadalen og andre arrangement/tiltak. Foreininga vil samarbeide med biblioteket, skulane og kultursektoren i kommunen og andre aktuelle samarbeidspartnerar.

Aktivitet 2018

Diktardagar

Vi var med under Diktardagar 2018. Magnhild Bruheim hadde ansvar for programmet, og la ned ein stor innsats her. Dei andre i styret var med som billettørar, tilretteleggjarar, sjauarar og arrangørar. Vi arrangerte m.a. lansering av barneboka vår på Skjåk barne- og ungdomsskule, Vinjekveld m/Aasmund Nordstoga i Marlo grendehus, filmframstilling og forfattarbesøk på biblioteket og Tea Kummen 125 år på Marlo skule. Dato for Diktardagar 2018 var 30. august – 2. september.

Diktarstig med dikt av Jan-Magnus Bruheim i Botnane

Magni Øvrebotnen var prosjektleiar og ho har gjort ein fantastisk jobb. Opninga av stigen gjekk føre seg 18.08.2018. Sigrid Moldestad var med og song på opninga, det kom mykje folk og prosjektet har hausta mykje god omtale.

Barneboka «Trollguten og andre dikt»

Redaktør: Hildegunn Solberg Nes

Medlem: Sigrun Eide

Medlem: Ingvill Høgvoll

Prosjekt barnebok vart vellukka. Den vart ferdig til avtala tid, og den framstår som ei fin og tillaus bok. Vi finansierte boka og vi la ned mykje arbeid i dette prosjektet sjølve. Redaktør Hildegunn Solberg Nes har vore på fleire bibliotek og hatt godt besøkte lyrikkstunder med boka.

Lansering av barneboka

Vi lanserte barneboka på Skjåk barne- og ungdomsskule under Diktardagar 2018, og under opninga av Diktarstigen i Botnane. I Skjåk leigde vi inn Endre Skjåk og Lars Bakke til å framføre fleire av songane frå «Snigla som sykla». I Botnane var Sigrid Moldestad med og song.

Sal av Dikt i utval, berenett og postkort

Sigrun organiserer salet. Vi sel fortsatt mykje. Skjåk folkebibliotek er ein god og nødvendig samarbeidspartner i dette arbeidet.

Heimeside og facebook

Nettsidene våre er fortsatt populære. Vi har no 10 247 fylgjarar på facebook.

Møte

Styret hadde to møte i 2018. Årsmøtet gjekk føre seg 25. mars i kommunestyresalen i Skjåk. I tillegg var det fleire møte i undergruppene som t.d. prosjekt barnebok, prosjekt Diktarsti i Botnane, Tea Kummen 125 år og programkomiteen for Diktardagar. Til saman har det vore stor aktivitet.

Styret i 2018

Leiar: Sigrun Eide

Skrivar: Sigrun Eide

Styremedlem: Rolv Kristen Øygard år

Styremedlem: Else Hove Hyrv

Styremedlem: Magni Øvrebotten

Styremedlem: Ingvill Høgvoll

Kasserar: Ingulf Brandsarbakken

Vara: Magnhild Bruheim

Vara: Tora Eiterjord

Valnemnda

Sevald Sperstad, leiar i nemnda

Ingeborg Randen

Mari Brenna